

1. PARTANE**LEVERANDØR:¹**

Namn: Hardanger Energi AS
Adresse: Postboks 33, 5782 Kinsarvik
Organisasjonsnummer: 983 502 601

KUNDE:

Namn: [xxxxxxxxxxxxx]
Adresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx]
Fødselsnummer: [xxxxxxxxxxxxx]
Mobilnummer: [xxxxxxxxx]
E-postadresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxx]
Eventuell fakturaadresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxx] (kan strykast)
Avtalt kommunikasjonsform for
varslingar i samband med kundeforholdet: SMS/E-post/Ordinær post

Standardval for kommunikasjon mellom Leverandør og Kunden er e-post og SMS, men Kunden har høve til å reservere seg mot elektronisk kommunikasjon ved å kontakte Leverandørens Kundeservice.

Kontakt Kundeservice telefon 53 67 16 10 eller e-post post@kraft.hardangerenergi.no

2. LEVERANSESTAD

Målepunktadresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx]
Målepunkt-ID: [xxxxxxxxxxxxxxxxx]
Prisområde: [NOx]
Oppstartdato: [xxxxxxxxxxxxx]

Kunden og Leverandøren kan avtale at denne avtalen skal omfatte fleire og nye leveransestader som skal spesifiserast med målepunktadresse og målepunkt-ID. Leverandøren sender Kunden skriftleg stadfesting på gjevne leveransestad(er) og avtalt tidspunkt for leveransestart.

3. PRODUKT OG PRISAR**3.1 Produktskildring**

Produktnamn: Hardanger Pluss
Avtaletype: Spotpris time for time, sjå nærare om pris nedanfor

Med denne spotprisavtalen betaler Kunden for sitt forbruk avrekna etter spotprisen som gjeld for sitt prisområde i den timen straumen vert forbrukt. Kostnaden vil då variere med forbruk og spotprisen time for time. Det er per i dag fem prisområde (NO 1 – 5) i Noreg, og det kan vere store skilnader i spotpris i dei ulike prisområda. Variablar som blant anna nedbør, vind, temperatur, produksjon og forbruk i området vil påverke spotprisen. Spotprisavtalar er avtalar med størst sannsyn for prissingingar, ettersom prisen endrar seg kvar time og vil i periodar vere anten dyrare eller billigare enn fastprisavtalar.

3.2 Prisar

Spot kjøp: Gjeldande områdepris per kWh (spotpris Nord Pool) time for time pluss meirverdiavgift*
Fastbeløp: Kr 39,- per Målepunkt-ID per måned inklusive meirverdiavgift*
Påslag: 4,9 øre per kWh inklusiv meirverdiavgift* og elsertifikat**

Spot salg: Spotpris for området – (minus) 1,25 øre/kWh

* Unnateke for område (Troms, Finnmark og Nordland) som er fritekne for meirverdiavgift. Sjå [Lov om merverdiavgift \(merverdiavgiftsloven\) - Lovdata](#) § 6-6.

**Elsertifikat vert dekte av Leverandøren for kundar som ikkje er fritekne for elsertifikat. Hushaldskundar i Finnmark og enkelte kommunar i Nord-Troms er fritekne for elsertifikat. Sjå [Strømkunder - NVE](#)

Nettleige kjem i tillegg til straumprisen og vert fakturert av Kunden sitt lokale nettselskap eller ved gjennomfakturering. Sjå nærare i punkt 3.4.

3.3 Fakturering av straum

Fakturering skjer etterskotsvis månadleg basert på reelt eller estimert forbruk i samsvar med Leverandøren sine til kvar tid gjeldande faktureringsrutinar, og elles i samsvar med det til kvar tid gjeldande regelverket.

3.4 Fakturering av nettleige

Nettleige kjem i tillegg til straumprisen og vert fakturert av Kunden sitt lokale nettselskap eller ved gjennomfakturering. Dersom Leverandøren har ein avtale med Kunden sitt nettselskap om gjennomfakturering, vil Leverandøren fakturere Kunden for nettselskapet sine fakturerte nettenester. Kunden gjev Leverandøren fullmakt til å hente inn nødvendig informasjon og setje i verk nødvendige tiltak for eventuell gjennomfakturering av nettenester. Sjå oversyn over selskap Leverandøren har avtale med: [gjennomfakturering - avtale nettselskap](#)

3.5 Betalingsvilkår

Betalingsfrist faktura:	30 dagar etter fakturadato
eFaktura:	Gebyrfritt
Papirfaktura:	Gebyrfritt

Dersom Kunden ikkje betaler innan betalingsfristen, skal Kunden varslast skriftleg per e-post og/eller SMS eller brev dersom Kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon, og gjevast minst ytterlegare 14 dagars betalingsfrist frå det tidspunktet varselet vart sendt.

Kvar enkelt innbetaling frå Kunden vil gå til dekning/nedbetaling av den eldste uteståande fordringa Leverandøren har på Kunden, med mindre partane skriftleg har vorte einige om noko anna.

Forseinkingsrente kjem i tillegg ved betaling etter forfall oppgjewe på faktura i samsvar med forseinkingsrentelova. Inkasso skjer i samsvar med inkassolova.

4. PARTANE SINE PLIKTER OG AVKLARINGAR VED BESTILLING MV. TIDSPUNKT FOR OPPSTART

4.1 Opplysningar før avtaleinngåing

Kunden skal gje dei opplysningane om anlegget som Leverandøren treng for at ein kan inngå avtalen, inklusiv fødselsnummer, faktura- og anleggsadresse, målepunkt-ID og e-postadresse/mobilnummer. Kunden er sjølv ansvarleg for at Leverandøren til kvar tid har oppdaterte kontaktopplysningar om Kunden. Leverandøren skal leggje til rette for at Kunden enkelt kan oppdatere og gje nødvendige opplysningar.

Leverandøren samlar inn og behandlar personopplysningar om Kunden som er nødvendige for å levere tenesta i samsvar med avtalen. Personvernerklæringa til Leverandøren inneheld informasjon om korleis Leverandøren behandlar personopplysningane til Kunden. Erklæringa er til kvar tid tilgjengeleg på nettsidene til Leverandøren.

4.2 Kredittvurdering

Leverandøren gjer normalt kredittvurdering av Kunden ved avtaleinngåinga, så framt Leverandøren praktiserer etterskotsvis fakturering. Ved vurdering av kredittverdighet kan Leverandøren, forutan offentleg tilgjengelege opplysningar, bruke eigne kundeopplysningar og kredittopplysingsbyrå. Leverandøren kan avvise ei bestilling eller krevje sikkerheitsstilling frå Kunden dersom Kunden ikkje oppfyller Leverandøren sine krav til kredittverdighet.

4.3 Leverandørskifte

Dersom inngåing av denne avtalen inneber skifte av straumleverandør, skal Leverandøren på vegner av Kunden gjennomføre eit leverandørskifte og den eksisterande straumavtalen til Kunden vert avslutta, med mindre anna er uttrykkeleg avtalt. Kunden er sjølv ansvarleg for oppfylling av avtalen med tidlegare straumleverandør for eventuelle konsekvensar av oppseiing, til dømes dersom oppseiinga utløyser brotgebyr etter den tidlegare avtalen.

4.4 Startdato og førtidig oppstart

I dei tilfella Kunden har 14 dagars angrerett, dvs. når avtalen er inngått ved fjernsal eller utanom faste forretningslokale (sjå punkt 9), kan ikkje startdato for levering av straum under avtalen vere før angrefristen har gått ut, med mindre Kunden uttrykkeleg ber om at leveringa skal starte opp før angrefristen har gått ut på eit varig medium. Dersom Kunden ber om slik førtidig oppstart, vil Kunden vere ansvarleg for rimelege kostnader inntil Kunden nyttar seg av angreretten, sjå punkt 9.3 tredje avsnitt.

5. MÅLE- OG AVREKNINGSFEIL. ETTEROPPGJER

5.1 Avvik ved handtering av måledata eller avvik ved fakturering

Leverandøren avrekner forbruket etter forbruksdata mottekne frå Elhub. Ved avvik ved handtering av måledata, eller avvik ved fakturering som inneber at det er betalt for lite eller for mykje, kan Leverandøren eller Kunden krevje høvesvis tilleggsbetaling eller tilbakebetaling i samsvar med det til kvar tid gjeldande regelverket.

Etteroppgjer i form av tilleggsbetaling eller tilbakebetaling kan skje med verknad inntil tre år tilbake i tid, frå feilen vart oppdaga. Leverandøren kan likevel ikkje krevje tilleggsbetaling frå Kunden dersom feilen kjem av forhold hos Leverandøren eller nokon som Leverandøren svarar for, og Kunden var i aktsam god tru. Leverandøren svarar uansett ikkje for feil eller forhold hos nettselskapet.

5.2 Feil på målar, feil måledata. Forholdet til nettselskapet

Kunden må rette krav om retting av feil ved måledata direkte til nettselskapet, som er ansvarleg for målinga. Kunden må sjølv be nettselskapet om ein eventuell kontroll av målar.

6. FLYTTING

Dersom Kunden flytter, vil denne avtalen følge Kunden til nytt leveransepunkt (nytt Målepunkt-ID), såframta Kunden melder flytting til Leverandøren med føremål om å vidareføre avtalen. Partane kan likevel gjensidig seie opp avtalen i tråd med avtalen sine bestemmingar om oppseiing.

7. AVSLUTNING AV AVTALEN

Kunden kan seie opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel. Oppseiingsfristen for Kunden på 14 dagar gjeld likevel ikkje dersom kunden inngår avtale med ein ny straumleverandør. Då tek avtalen slutt frå tidspunktet den nye straumleverandøren startar leveransen overfor Kunden.

Leverandøren kan tidlegast seie opp leveransen 30 dagar etter at kunden er varsla på SMS og/eller e-post eller ved ordinær post dersom kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon. Leverandøren skal i varselet informere Kunden om kva som er årsaka til oppseiinga.

Kvar av partane kan heve avtalen dersom den andre parten vesentleg mislegheld sine plikter etter avtalen. Dersom Leverandøren vesentleg mislegheld forpliktingane sine etter avtalen, kan Kunden heve avtalen med umiddelbar verknad.

Ved betalingsmisleghald frå Kunden si side kan Leverandøren heve avtalen med umiddelbar verknad såframt Kunden har fått 14 dagars utsett betalingsfrist etter punkt 3.5 andre avsnitt.

8. OVERDRAGING AV AVTALEN

Denne avtalen kan overdragast av Leverandøren til ein annan straumleverandør såframt føresetnadene og vilkåra i denne avtalen vidareførast. Kunden skal varslast minst 30 dagar før overdraging kan skje. Kunden kan uansett seie opp avtalen med 14 dagars varsel i samsvar med punkt 7 første avsnitt.

Kunden kan ikkje overdra avtalen utan samtykke frå Leverandøren.

9. ANGRERETT

9.1 Kunden sin rett til å gå frå (angre) avtalen

Dersom avtalen er inngått ved fjernsal eller sal utanom faste forretningslokale, typisk ved sal over internett, på stand eller ved telefon- eller dørsal, har Kunden etter reglane i angrerettlova rett til å gå frå avtalen innan 14 dagar utan å grunngje dette. Verknadene av at angrerett vert gjord gjeldande, er regulert i angrerettlova. Angrefristen går ut 14 dagar rekna frå dagen etter avtalen er inngått eller frå det tidspunktet Kunden har motteke informasjon om angrerett. I fristen vert alle kalenderdagar inkluderte. Dersom fristen endar på ein laurdag, søndag eller heilagdag, vert fristen forlenga til næraste verkedag. Angrerett gjeld ikkje ved tilknytning av nye leveransestader til ein eksisterande avtale.

9.2 Utøving av angrerett. Angreskjema

Dersom angrerett vert gjord gjeldande, må Kunden på ein eintydig måte opplyse Leverandøren om at Kunden vel å gå frå avtalen. Angreretten kan gjerast gjeldande ved å bruke standardisert angreskjema, men melding kan også gjevast på annan måte, til dømes per e-post eller brev. Angreskjemaet til Leverandøren kan lastast ned her [Straumavtaler for privatmarknaden - angrerett](#), og følgjer også vedlagt ved avtaleinngåing eller ved ordrestadfesting på varig medium.

Angrefristen vert rekna for å vere overhalden dersom Kunden har sendt slik melding innan utløpet av angrefristen. Kunden har bevisbyrda for at angreretten er gjord gjeldande i tide, og meldinga bør difor sendast skriftleg.

9.3 Konsekvensar ved bruk av angrerett

Ved bruk av angreretten stoppar Kunden si plikt til å betale for framtidig straumleveranse og Leverandøren si plikt til å levere straum.

Nyttar Kunden seg av angreretten før leveransen har starta, vert bestillinga annullert.

I tilfelle der leveransen har starta og Kunden nyttar seg av angreretten, vil Leverandøren avslutte leveransen i samsvar med Elhubs marknadsprosessar, dvs. i løpet av tre verkedagar frå melding er motteken hos Leverandør. Kunden vil verte overført til leveringspliktig straum frå nettselskapet sitt, om ikkje Kunden sørgjer for å inngå ny straumavtale med ein annan straumleverandør. Dersom Kunden i dokumenterbar form uttrykkjeleg har bede om oppstart av straumleveransen før angrefristen på 14 dagar er gått ut på eit varig

medium, og deretter har brukt angreretten, skal Kunden betale eit beløp som står i forhold til det som er utført eller levert fram til leveransen vert avslutta.

10. ENDRINGAR I PRIS OG VILKÅR

10.1 Prisjustering

Leverandøren kan justere prisen på produktet (påslag og/eller fastbeløp og/eller fakturagebyr) som følgje av marknadsmessige forhold, auka kostnader eller endringar som følgjer av lov eller forskrift.

10.2 Endringar i vilkåra elles

Leverandøren kan gjere endringar i vilkåra dersom endringar er til gunst for Kunden, eller dersom endringa er nødvendig som følgje av krav fastsett i lov eller forskrift. Leverandøren kan også endre vilkåra i avtalen til ugunst for Kunden. I slike tilfelle har Kunden rett til å gå frå avtalen med skriftleg varsel seinast tre verkedagar før tidspunktet endringane trer i kraft i samsvar med pkt. 10.3 nedanfor.

10.3 Varsel om endringar i vilkår og pris

Endring i pris eller avtalevilkår kan tidlegast tre i kraft 30 dagar etter at skriftleg varsel er sendt direkte til Kunden. Varselet skal innehalde opplysningar om at Kunden, for ikkje å verte bunden av nye vilkår, må seie opp avtalen seinast tre verkedagar før tidspunktet endringane trer i kraft. Varselet skal også innehalde ei påminning om at Kunden uansett kan seie opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel etter datoen i varselet, også etter at endringane har tredd i kraft.

11. TVISTAR

11.1 Klage til Elklogenemnda. Domstolsbehandling

Dersom det oppstår ein tvist mellom Kunden og Leverandøren, kan Kunden bringe tvisten kostnadsfritt inn for Elklogenemnda, eller domstolane. Vedtak frå Elklogenemnda er rådgjevande for partane. Ved vedtak som gjev Kunden heilt eller delvis medhald, skal Leverandøren gje grunngeven melding til Kunden og nemnda innan 30 dagar dersom vedtaket ikkje vil verte følgt.

11.2 Verknadene av klage til Elklogenemnda

Så lenge ein tvist er til behandling i Elklogenemnda, kan ikkje ein part bringe han inn for dei alminnelege domstolane. Dette gjeld likevel ikkje dersom det har gått meir enn seks månader frå klaga er motteken og sekretariatet enno ikkje har lagt fram saka for nemnda. Ein tvist vert rekna for å vere til behandling frå det tidspunktet kravet om klagebehandling er kome inn for nemnda. Ei sak som nemnda har realitetsbehandla, kan takast direkte inn for tingretten.

11.3 Lovval

Vilkåra i denne avtalen er underlagde og skal fortolkast i samsvar med norsk rett.

12. MOTSTRID

Ved ein eventuell motstrid mellom lover og forskrifter og vilkåra i denne avtalen, skal lover og forskrifter ha forrang.

Vedlegg:

1. Angreskjema link: [Straumavtalar for privatmarknaden - angrerett](#)